

Innbyding til opplæringsjakt på villrein i Setesdal Ryfylke

Er du interessert i villreinjakt men ikkje veit heilt korleis du kjem i gong eller kor du skal få tak i jaktterreng? I samarbeid med verdiskapingsprosjektet i SVR tilbyr Statskog opplæringsjakt 4. – 6. september 2020. Tilbodet gjeld ungdom i alderen 16 – 20 år busett i kommunane Vinje, Bykle, Valle, Bygland, Åseral, Kvinesdal, Sirdal, Hjelmeland og Suldal. Vi skal jakte på Statskog sitt jaktfelt Ljosådalen i Valle. Overnatting på Statskog si hytte ved Såvatn. Statskog vil stille med røynde jegerar for rettleiing undervegs.

Innhald

Fredag kveld bruker vi til innføring i villreinjakt og vi tar oss inn til hytta om lag 30 minuttar med båt over Svartevassmagasinet i Sirdal. Så ein halv time gåing inn til hytta. Vi et middag og pakkar sekken til laurdagens jakt. I tillegg blir det innføring i korleis vi jaktar villrein. **Laurdag**, vi jaktar heile dagen. Vi pratar og lærar om villrein. Vonaleg lukkast vi med å felle dyr. Slakting og kjøttthandtering i felt blir i så fall ei viktig del av dagen. Middag på hytta om kvelden. **Sundag**, planane for denne dagen blir lagt etter kva som har hendt på laurdagen. Enten så jaktar vi eller så berer vi kjøt.

Kostnad

Pris for deltaking er kr. 500 pr. person. Då får du jaktkort, båttransport, overnatting og to varme måltid. Resten av måltida tar du med sjølv.

Kvalifikasjonar

Du må ha tatt jegerprøven og vera fylt 16 år. I tillegg ha betalt jegeravgift for storvilt og ha godkjend skyteprøva for storvilt inneverande jaktår. Om du låner våpen må du hugse utlånserklæring frå våpeneigar. Dei som er under 18 år må i tillegg ha med erklæring frå føresette.

Transport

Deltakarane må sjølv sørge for transport til fjellbutikken på Ådneram i Sirdal. Oppmøte fredag ettermiddag kl. 16.00. Vi reknar med å vera attende på Ådneram seinast kl. 18.00 sundag ettermiddag.

Utstyrsliste og program vert sendt ved påmelding.

Påmelding og spørsmål kan rettast til Jørn Haug i forvaltningssekretariatet SVR:
Tlf. 95 20 70 83. Mail: fmavjth@fylkesmannen.no

Det er plass til 8 deltakarar. Førstemann til mølla får plassane! **Frist for påmelding 7. august.**



Foto: Tor Punsvik